



Jøran Løtveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/319 - 23/1169

Saksbehandlar:

Tone Selmer Skuggevik

tone.skuggevik@modalen.kommune.no

Dato:

28.04.2023

Svar - tilskot til vedlikehald av veg, Øvre Fjellstølen veglag

Syner til dykkar søknad motteke 19.09.2022 om tilskot til vedlikehald av veg utført hausten 2022. Beklagar sein sakshandsaming.

Øvre Fjellstølen veglag er eit interessefellesskap og driftslag for Øvre Fjellstølvegen som går frå veg inn i Kvanndalen og opp til felles parkeringsplass ved Steinavatnet.

Då vegen blei bygd ga Modalen kommune eit tilskot til bygginga, som forutsatte at allmenna skulle ha bruksrett til vegen.

Vedtaket i Modalen kommunestyre, sak 013/00 står det bl.a.:

" vegen skal kunne nyttast til allmenn fri ferdsel. Ved evt. bruksendring av vegen, vil løyvt tilskot verte krevja attende."

Veglaget har hausten 2022 gjort naudsynt oppgradering av vegen. Renska kant, grusa og bygga opp vegen. Øvre Fjellstølen Veglag søker om tilskot på kr 24 638,- for å dekkje «allmenn fri ferdsel».

Dette er og vegen opp til Dagsturhytta som ligg ved Steinavatnet. Våren 2022 vart Dagsturhytta opna, noko som gjer at vedlikehaldet og kostnadane på vegen har auka.

Det vert gjeve eit tilskot på kr. 24 638,- (50% av kostnaden) til Øvre Fjellstølen veglag, for å sikre ålemta tilgang til det fine turområde.

Tilskotet vert utbetalt innan få dagar.

Med helsing

Tone Selmer Skuggevik

Teknisk sjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Jo Bjarte Tømmerbakke

Magne Verpelstad

Mottakere:
Jøran Løtveit